

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 20.04.2015
Vår ref.: 2015/4279-1
Saksbehandlar: einhuns
Dykkar ref.: «REF»

Tilskot til etablering av hurtig- og semihurtigladestasjonar i Hordaland 2015

Kommunar, kraftselskap og andre aktørar kan no søkje om stønad til hurtig- og semihurtigladestasjonar i Hordaland. Søknadsfrist er 30. juni.

Innleiing

Fylkeskommunen planlegg å bruke kr 1,5 – 2,0 millionar på utbygging av ladeinfrastruktur for rekkeviddeforlenging. Målet er oppstart av 7 – 10 prosjekt jamfør politiske vedtak (FUV 120/12) og Regional plan for attraktive senter innan utgangen av 2015. Følgjande prosjekt i fylket kan få stønad:

- Hurtig- og semihurtigladestasjonar i region- og kommunesentre
- Utviding av eksisterande hurtigladestasjonar langs hovudvegnettet

Teknisk-fysiske krav

- Hurtig- og semiladestasjonar må vere kompatible med DC-standardane CHAdeMO og CCS (jf. høvesvis IEC 61851-23:2014, og NEK EN 61851-23:2014 og NEK EN 61851-24:2014)
- Hurtigladestasjonar har ladekapasitet på minst 50 kW, semihurtigladestasjonar på minst 20 kW
- Ladestasjonar må omfatte separat AC-uttak for type 2-standard (basert på standardane NEK EN 61851-1:2011 og NEK EN 61851-22:2002)
- AC-utak må ha ladekapasitet på minst 20 kW
- Alle ladepunkt skal kommunisere sanntidsdata for tilgang til etablert database for ladepunkt i Noreg (NOBIL) frå driftsstart
- Ladeplass må vere offentleg tilgjengeleg, reservert for lading og gratis (ikkje reservert for andre kundehøve)
- Ladeteneste må vere offentleg tilgjengeleg mot betaling (drop-in-betalingsløysing)

Krav til etableringsprosess og driftsperiode

- Søknadsfrist 30. juni 2015
- Tilbakemelding 31. august 2015
- Dokumentert igangsetting av arbeidet 30. november 2015
- Garantert driftsperiode 3 år

Krav til søknad

Søkjara skal samstundes søkje Enova om stønad innan utlysingsprogrammet for energisparing i anlegg. Søknaden til fylkeskommunen omfattar:

- Kopi av investeringsanalyse og søknad til Enova
- Skildring av eigar- og driftsstruktur (inklusive betalingsløyising)
- Erklæring frå grunneigar
- Dokumentert nettkapasitet
- Oversiktskart og detaljskisse

Hjelp til søknad

Etter avtale tilbyr fylkeskommunen 10 timer gratis konsulentteneste for utforming av søknaden. Ta kontakt viss de ønskjer slik hjelp.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Einar Aalen Hunsager, e-post einar.aalen.hunsager@hfk.no, telefon 55 23 93 22.

Hans stadfortredar frå 01.05.15 til 30.06.15 er Per Hjalmar Svae, e-post per.hjalmar.svae@hfk.no, telefon 55 23 93 83.

Gudrun Mathisen
klima- og naturressurssjef

Einar Aalen Hunsager
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.